

# Hallingdal brann- og redningsteneste iks

## MØTEPROTOKOLL

### Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

**Møtestad:** Teams

**Møtedato:** Mandag 22.04.2024

**Tid:** 09<sup>00</sup> – 11<sup>00</sup>

**Handsama saker:** 1/24 – 3/24

**Tilstades:** Pål Rørby, Hemsedal kommune, leiar  
Tor Egil Buøen, vara for Merete Gandrud  
Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Heidi Granli, Gol kommune  
Anne Kari Eriksen, Nesbyen kommune

**Forfall:** Merete Gandrud, Flå kommune, nestleiar

**Andre:** Håkon Myro, styreleiar  
John Bjella, brannsjef

**Diverse merknadar:** ingen

**Underskrifter:**

**Stad:** Torpomoen

**Dato:** 22.04.2024

---

Pål Rørby  
leiar

---

John Bjella  
brannsjef

#### Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

# SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 01/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 02/24	Økonomisk situasjon i selskapet
Sak 03/24	Eventuelt



## SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

### 1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Vedtak i Representantskapet:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### 2/24 Økonomisk situasjon i selskapet

Me har hatt ei stor auke i oppdraga våre 1. kvartal i år (sjå statistikk under). Hemsedal har desidert størst auke, der er det auke på både brannar, ulykker og automatiske brannalarmer (aba), men det er aba som har størst auke. I dei andre kommunane er det nedgang i aba etter at me begynte å fakturere for aba i fjor. Men det har ikkje hatt effekt i Hemsedal. Me må jobbe vidare for å få ned antalet aba i Hemsedal. Me fakturerer kr. 2400,- for ei utrykning på aba, men kostnaden er høgare, alt etter når på døgnet, om det er raude dagar osv.

Antal oppdrag generelt aukar mykje kvart år i alle kommunane. Frå 2016 til 2023 auka antal oppdrag med 60%. 78% av kostnadene våre er lønn, og ca. 80% av lønn er øvingar og utrykningar. Me har halvert antal øvingstimar pr. tilsett frå 2018 til 2023 for å spare kostnader, det er feil veg å gå i forhold til at me får meir kompliserte og krevjande oppdrag enn me hadde før, samt at me ofte er fyrst framme av naudetatane. Men øvingar er ein av få tiltak som er mogeleg å gjere noko med for å redusere kostnader. Me har elles fått eit stort etterslep på utskifting av utstyr, spesielt verneutstyr. Alle driftskostnader aukar mykje hjå oss som andre, og dei sentrale lønnsoppgjera går same veg.


Oppdraga og kostnadene aukar kvart år meir enn budsjettauken. På tross av stor auke i budsjettet for 2024 (11%) så er budsjetterte kostnader for 2024 nesten 2 millionar lågare enn kostnadene i 2023. Det inkluderar omlag 800.000 i kostnader med «Hans» i 2024, men det er likevel eit vesentleg gap. Dette er ein negativ spiral som gjerast tiltak for å hindre at det fortsett. Me har dei siste åra brukt disp.fondet for å dekke opp meirforbruk. Resultatet er at me etter årsavslutning for 2023 har igjen ca. 500.000,- på disp.fondet. Om trenden frå 1. kvartal fortsett ut året så vil me få høgare meirforbruk enn me kan dekke opp med disp. fond i 2024.

#### Kostnader 1. kvartal:


Liste: Ansva - Teneste - Inntekter/Utgifter - Art - Proj...	Regnskap 2024	Budsjett 2024	Forbruk i %	Regnskap 2023	Budsjett 2023
ALLE	-4 867 775	10 379 000	-46,90	-3 636 944	8 810 000
8410 Hallingdal Brann- og redningsteneste	-6 897 313	8 390 000	-82,21	-5 713 582	7 127 000
2851 Tjenester utenfor ordinær kommunal virksomhe	0	0	0,00	0	-250 000
3391 Brann og ulykkesberedskap	-6 897 313	8 390 000	-82,21	-5 713 582	7 377 000
Utgifter	9 231 882	8 390 000	110,03	8 418 439	7 377 000
Inntekter	-16 129 195	0	0,00	-14 132 022	0

## Oppdrag 1. kvartal 2022 til 2024:


### Oppdrag HBR jan-mars 2024



### Oppdrag HBR pr. kommune pr år. Jan-mars 2024



### Overordnet oppdragstype fordelt på År



### **Vedtak i Representantskapet:**

1. Representantskapet tek saka til orientering.
2. Den betydelege auken i utrykningar til feilaktige automatisk brannalarmer (aba) utgjer ein stor og aukande andel, spesielt i Hemsedal, på tross av gebyrinnføring i fjor.
3. Representantskapet ber dagleg leiar og styret utarbeide forslag til auka gebyrsatsar basert på faktiske kostnader. Styret si tilråding til nye gebyrsatsar bør behandlast i gebyrregulativa i alle eigarkommunane.
4. Leiar i Representantskapet tek initiativ til eit felles møte med Kommuneoverlege for Hallingdal Kristoffer Boge, styreleiar og dagleg leiar for å informere om situasjonen rundt akutthjelparordninga og fordeling av oppgåver og ansvar mellom Helseforetak og kommune.
5. Leiar i Representantskapet kontaktar KRU for å avtale tid for informasjon om selskapet sin økonomiske situasjon og utvikling frå dagleg leiar og styreleiar.

### **9/23      Eventuelt**

#### **Saksopplysningar**

Det kom ingen saker på eventuelt